



Bjarne Johannes Risa
Risasjøvegen 262
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/788 - 16/9240

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
30.05.2016

Registrert lekkasje på septiktank. Varsel om pålegg om tilknytning til kommunalt avløpsanlegg - gbnr 123/5 Risa.

Lindås kommune har motteke melding frå føretaket Johny Birkeland Transport AS om lekkasje på slamavskiljaren for våningshuset på eigedommen gbnr 123/5.

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stansa, fjerna eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

I følgje kommunen sine opplysningar har eigedommen avlaupsløysing med septiktank og spreining til terreng. Denne avlaupsløysinga er ikkje tilfredsstillande ut frå dagens standard. Slamavskiljaren har også skade som krev utbetring.

Det ligg kommunale hovudleidningar for vatn og avløp langs fylkesveg 416. Det er tilrettelagt for at eigedomen din kan knytast til anlegget like ved avkjøringa frå fylkesvegen. Den vedlagte kartskissa viser leidningsnettet i området. Driftsbygningen på eigedomen er registrert tilknytt det kommunale vassverket.

Plikt til tilknytning til kommunal VA-anlegg

I følgje plan- og bygningslova §§ 27-1 andre ledd og 27-2 andre ledd skal bygningar som ligg på ein eigedom der offentleg vass- og avløpsleidning går

- over eigedomen,
- i veg som grensar til eigedomen, eller
- over nærliggjande areal

knytast til dei offentlege leidningane.

Lindås kommune vurderer at eigedomen din fell inn under bestemmelsane om tilknytingsplikt til det kommunale avløpsanlegget, jf plan- og bygningslova (pbl) § 27-2.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Lindås kommune vil vurdere å pålegga tilknytning til kommunalt avløpsanlegg dersom eigedomen ikkje er tilknytt **innan 01.01.2017**, jf pbl § 32-3. Kommunen vil samstundes vurdere å fastsetja tvangsmulkt for å få gjennomført pålegget, jf pbl § 32-5.

Vi gjer merksam på at eventuelt pålegg som ikkje vert stetta innan fastsett frist vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få same verknad som rettskraftig dom jf. plan- og bygningslova § 32-2, 2.ledd, 3.punkt.

Det må straks setjast i verk tiltak for å hindra vidare forureining på eigedomen din. Dette kan skje ved tilknytning til kommunalt avløpsnett eller ved at slamavskiljaren vert reparert/skifta ut i påvente av tilknytning. Frist for tilbakemelding vert sett til 19. juni 2016.

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurdere å gje pålegg om utbetring, jf. forureiningslova § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetra lekkasjen/knyta bygningane på eigedomen til det kommunale avløpsnettet, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Du må ta kontakt med godkjend rørleggarføretak som kan søkja om tilknytning til kommunalt avlaupsanlegg eventuelt utbetring av slamavskiljar i påvente av tilknytning.

Når lekkasjen er reparert må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sender du til

- postmottak@lindas.kommune.no eller
- Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Foto av lekkasje

Foto

Foto

Foto

Situasjonskart (VA) gbnr 123-5

Skjema for tilbakemelding om utført arbeid på VA anlegg

Kopi til:
Teknisk drift

Mottakarar:
Bjarne Johannes Risa

Risasjøvegen 262 5955

LINDÅS